

Protokoll frå Årsmøtet i Hordaland Bygdekvinnelag 8.-9. mars 2025 på Hotel Ullensvang

Etter registrering og innsjekk og ein kopp kaffi med noko attåt, var alle klare til å starta årsmøtet 2025 i Grieg-rommet med utsikt mot fjorden.

Gunvor Seljestad ynskte velkommen på vegne av arrangørlaga Røldal, Odda og Skare. Kari Kvandal las diktet Gjest av Magne Heien og diktet Pannebandet av Halvor J. Sandsdalen. I lag med årsmøtepapira låg ei helsing med dikt og vakre bilete frå Odda, Skare og Røldal.

Ordførar Roald Aga Haug ynskte Hordaland Bygdekvinnelag velkommen til Ullensvang og gratulerte med kvinnedagen. Han takka bygdekvinnelaga for å skapa liv og aktivitet i bygdene våre. Ein videosnutt synte bilete frå den vakre kommunen vår. Han gav og ei orientering om utfordringar og det mangslungne næringslivet i Nye Ullensvang kommune.

Ord for dagen: Else Marie Sandal gratulerte oss med kvinnedagen starta med diktet Under bergfall av Olav H. Hauge. Ho fortalte humoristisk om dei driftige skikvinnene i Røldal. Bygdekvinnelaget er med og skaper levande bygder og tek vare på kultur og tradisjon. Det er viktig å kjenna solidaritet, ikkje berre med kvinner lokalt, men også dei i verda som ikkje har framtidshåp. Hald fanene høgt. -Ingen kan gjera alt, -alle kan gjera noko. Og så siterte ho frå Noregs Ungdomslag si 70- årsmarkering: Uten jenter stopper bygdenorge.

Leiaren vår Liv Kolskår ynskte alle velkommen og gratulerte alle dei flotte kjempekyktige damene med kvinnedagen. Ho roste bygdekvinnene for alt arbeid i bygdene, for omsorg og inkludering.

Ordstyrar på årsmøtet var Ingebjørg Winjum.

Sak 1 Namneopprop.

Det var 47 røysteføre.

Sak 2 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Godkjent

Sak 3 Val av skrivar:

Gunvor Stana Seljestad og Ellen Nydal Sekse vart valde.

Sak 4 Val av teljekorps og redaksjonskomité:

Teljekorps: Berit Bergsvåg og Ester Falk.

Redaksjonskomité: Aasa Gunnarsdottir og Siv Helle Prestegård.

Sak 5 Val av to medlemmar som saman med leiar skal skriva under protokollen:

Anne Eitrheim og Solveig Stana Måge vart valde.

Sak 6 Gjennomgang av årsmelding: Liv Solfrid Lono gjekk igjennom årsmeldinga som vart godkjend utan merknad.

Ho avslutta slik: -Viktigaste av alt er aktivitetane som alle lokallaga held på med. Ein er stolt av å tilhøyrer ein organisasjon, som får til så mykje rundt om i bygdene. Det ser ein av alle innsende innlegg i årsmeldinga.

Eit sitat av kong Harald :- Frivilligheten er hverdagens smøreolje og kontaktlim.

Sak 7 Vedta arbeidsplan for komande år:

Godkjent utan merknader.

Gruppearbeid

Distriktsårsmøtet: Kor ofte? Med eller utan kulturelt program? Bergen eller distrikta?

Gruppearbeidet er utgangspunkt for ei høyring. Sentralt jobbar dei med saka. Neste årsmøte går difor som planlagt.

Friluftsåret 2025: Her diskuterte gruppene ivrig. Mange gode framlegg til aktivitetar og organisering vart gjeven vidare til distriktsstyret.

Sak 8 Leiars tale- Liv Kolskår

Tema i Norges Bygdekinnelag for 2025 er friluftsglede og inkludering. Friluftsliv og mat på bål er både sosialt og inkluderande og kan og gjerast i samarbeid med andre organisasjonar. Mat er ein viktig fellesaktivitet, og det finst mange oppskrifter på Norges Bygdekinnelag sine sider. Søk om midlar. For stortingsvalet 2025 er beredskap sentralt. Vårt bidrag kan vera betre sjølvhjelp i lokalmiljøet. Mange bygdekvinner kan læra vidare praktisk handtverk som til dømes strikka, sy og reparera. Dei har også kunnskap om mat frå jord til bord.

Betre kompetanse for lærarar og fleire

undervisningstimar i fag som Mat og helse er etterlyst. Veisane barnehage på Lofthus er med i eit prøveprosjekt. Der lagar dei mat frå grunnen av i lag med barna . Dei får tre måltid kvar dag, og det har ein positiv verknad på trivsel og åtferd. Norges Bygdekinnelag arbeidar for gratis skulemat til alle born med slagordet: -Utan næring, inga læring. Nøysamprosjektet er framleis aktuelt, men ein må søkja midlar andre stader enn Norges Bygdekinnelag.

Me må vera stolte over rein norsk mat og bruka forbrukarmakta vår til å spørja etter norske matvarer. Samarbeidet med Bondelaget er konstruktivt for begge partar.

Hordaland Bygdekinnelag arrangerte to vellukka streif dette året på Fykse og på Moster. Inspirasjonsseminaret i 2025 vert på Lillehammer 14. til 16. november.

Liv sitt motto er: -Den som intet våger intet vinner.

Generaldebatt

-Benthe Bondhus, Omvikedalen: - Påminning om innkreving av kontingen kjem til alle sjølv om dei har betalt kontigenten. Det kjennest ukoselig for dei som alt har betalt.

-Åsa Gunnarsdottir, Ulvik: -Beredskap er viktig. Prøv ein dag i veka med berre norsk mat.

-Anna Torhild Blikkberg: Støttar nei til purring på betalt kontingent.

-Signe Opdal, NBK: Først kjem kontingeneten på melding, så på e-post og til slutt i brevform for dei som ikkje har betalt.

Innsendt sak som vert behandla som referatsak: Distriktsårsmøtet anna kvar år.

Benthe Bondhus, Omvikedalen – forslag om digitalt distriktsårsmøte anna kvart år.

Margunn Hylland, Oppheim og Hauge, - Korleis gjennomføra val digitalt? Må finna gode løysingar

Liv Kolskår: Saka om distriktsårsmøte er teken opp med Norges Bygdekinnelag og under arbeid.

Anna Torhild F. Blikberg, Oppheim og Hauge – Kan regionmøta vera opne for alle?

Vedrørande årsmøtet: Me kan ikkje berre kutta og kutt ned. Årsmøtet er for å møtast og vera i lag.

Siv Helle Prestegard, Vikebygd og Aga – Saka er komplisert. Årsmøtet krev mykje arbeid. Viktig å møtast!

-Gerd Karin Njåstad: Skulemat er viktig. Ynskjer fleire timer og lengre økter til Mat og helse, slik at elevane kan laga mat frå botnen av. Det er viktig at dei vaksne et saman med elevane for å auka trivselen og for å førebyggja mobbing.

-Siv Helle Prestegard: Ho sjekkar beredskapslageret. Går straumen og nettet er ute av drift, er det viktig med kokebok /oppskrifter i papirform. Takk for innlegga i årsmelding frå laga. Det er interessant og inspirerande.

-Kjersti Hjelmeland, Vestland Bondelag: Viktig å snakka opp bøndene som vert færre og færre. Dei har høge kvalitetskrav. Samarbeidsavtalen mellom bondelag og bygdekinnelag er gjensidig. Send møteplan om de ynskjer representanter frå fylkestyret Bondelaget til møtene dykkar.

-Inger Dyrnesli: Det vert informasjonskurs i nettsida til Norges Bygdekinnelag. Det som vert lagt ut frå laga kjem frå lokallag og distriktslag og NBK sentralt.

Helsing frå 4H ved Astrid Flå: 4H er takknemlege for samarbeid med og støtte frå bygdekinnelagene. Friluftsåret står også på 4H sin kalender/handlingsplan. Mat på bål er på agendaen. Vi ser fram til vidare inspirerande samarbeid. Ny handlingsplan: Synlighet.

Sak 9

Handsaming og godkjenning av rekneskap:

Rekneskap godkjent for 2024

Kommentarar: Benthe Bondhus meinte at årsmeldingsheftene var for dyre og at dei burde vera digitale.

Helga Fossheim sa at eit nytt firma trykte årets hefter for kun 1200,- kr. Streifa på Fykse og Moster vart dyre. Maten kosta mykje, men budsjettet gjekk ikkje i minus.

Kaffipause

Frå Norges Bygdekvinnelag, styremedlem Signe Opdal, -bringebærbonde frå Innvik i Stryn. Representanten frå NBK hadde fokus på verving av nye medlemmer, beredskap og miljø, inkludering og mangfald og årets tema som er Friluftsliv og inkludering.

Ho poengterte at beredskap var hovedtema frå regjeringa. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) har sendt oss brosjyra -Slik bidrar du til beredskapen i Norge. Bygdekvinnelaga kan dela kunnskap om tradisjonsmat, foredling av norske råvarer og korleis unngå matsvinn. Til orientering finst over 1000 oppskrifter på norsk tradisjonsmat.no. Som tidlegare nemt vil Norges Bygdekvinnelag auka kompetansen og timetalet for Mat og helse i skulen. Norges Bygdekvinnelag arbeidar også for skulemat til alle elevar.

Når det gjeld miljø, finst det mange nyttige tips på Facebook. Ho oppfordrar også til klébyttedagar. Nøysamprosjektet er framleis aktuelt, men laga må søkja om midlar andre stader.

Prosjektet Friluftsliv og inkludering gjev opp til 10 000 Nkr i støtte til samlingar. Til dømes mat på bål er eit godt tiltak for integrering av folk i bygda og våre nye landsmenn.

Samarbeid gjerne med andre lag i bygda di.

Legg årshjulet inn i årsplanen. Møter og kurs på Teams skal leggjast ut permanent på Norges Bygdekvinnelag sine sider, slik at medlemmene kan bruka dei vidare.

Reis også på inspirasjonsseminar til Lillehammer i november. Organisasjonbiblioteket til Norges Bygdekvinnelag gir informasjon om korleis distriktslag og lokallag skal drivast.

For vervekampanjen finst brosjyrer. Aktiviteten er nøkkelen til suksess.

Guatemalaprosjektet gjev kvinner lån til å starta eigne næringar. Inviter gjerne bygdekinnene som har reist og opplevt kvinnene i Guatemala til møte laget.

Bygdeløftet er eit samarbeid mellom Bondelaget, Bygdekvinnelaget og 4H. Dei har mykje felles, og samarbeid er viktig for bygdene våre.

Sak 10 Vedta budsjett for komande år.

Budsjettet vart vedteke utan merknader.

Sak 11 Innkomen sak: ny fordeling av regionane i Hordaland.

Ellen Sekse, Børve og Sekse: -Eg har fått tilbakemelding frå laget mitt, og vi vil tilhøyra Region 1 som før. Samarbeider gjerne med Espe, Kinsarvik og Ringøy.

-Ester Falk, Omvikedalen: -For oss er det like naturleg å orientera seg mot Odda.

-Siv Helle Prestegård: -Kvar region har kontakt med ein representant i distriktstyret.

Lokallaga rullerar om å ha regionsmøte der bygdekinner møtest, utvekslar idear og

samarbeider om til dømes kurs. Saka om ny fordeling av regionane kjem opp på neste årsmøte.

Sak 12 Val ved leiar i valnemda, Elin Valland Haugen

Elin Valland Haugen fortalte kort om arbeidet i valnemda. Det var krevjande å få folk til å stilla i distriktstyret. – Så neste gong de vert spurde,-sei ja! Styret har jobba på telefon og digitalt og fordelt arbeidet på ein grei måte. Dei starta alt i oktober 2024.

Maries Custers frå Opheim Hauge og Helga Fossheim går ut av styret.

To nye representanter stiller til val: Gerd-Laura Bondhus frå Omvikedalen og Astrid Ettestad frå Ulvik. Helga Fossheim stiller som 3. vara. og Turid Njåstad rykkjer opp til nr. 3 i valkomitéen.

Ordstyrar leia valet. Det var 47 røysteføre. Leiar og dei nye representantane vart valde ved akklamasjon. Styret konstituerer seg sjølv, men her er namna:

Leiar	Liv Kolskår	Bjørgum	Attval	1 år
Styret	Liv Solfrid Lono	Odda	Ikkje på val	1 år
	Inger Karin Dyrnesli	Kinsarvik	Ikkje på val	1 år
	Gerd-Laura Bondhus	Omvikedalen	Ny	2 år
	Astrid Ettestad	Ulvik	Ny	2 år
Vara til styret	1 Siv Helle Prestegard	Vikebygd/Aga	Attval	1 år
	2 Guro Holmberg Stord	Stord	Attval	1 år
	3 Helga Fossheim	Omvikedalen	Ny	1 år

Møteleiing årsmøtet 2026:

Ordstyrar: Ingebjørg Winjum, Bjørgum

Varaordstyrar: Anna Torhild Førsund Blikberg , Opheim og Hauge

Valnemd 2025 - 2026	Folgefond	1 Ellen Nydal Sekse	Børve /Sekse	1 år
	Sunnhordaland	2 Astrid Larsen	Stord	2 år
	Hardanger mot Bergen	3 Turid Njåstad	Osterøy	3 år

Godtgjerdsla til styret 2025 – Framlegg frå valnemda

Tillitsvalde:	Kr pr.år	Kr. pr. møte
Leiar	15 000	800
Nestleiar	4 000	800
Kasserar	4 000	800
Skrivar	4 000	800
Andre styremedlemmar og 1. vara	4 000	800

Andre varamedlemar	800
Ordstyrar på årsmøtet pr. møtedag	1000

Godtgjersla ellers:

Ansvarleg for heimesida	1500
ansvarleg for årsmeldinga	2000
Leiar valnemda	1000
Telefonutgifter valnemda	300

Reisegodtgjersle for styre, valnemd og andre med oppdrag for distriktslaget:

Kilometertakst etter staten sine takstar
etter bilag(kvitteringer for buss/tog/bår) Ellers

Godtgjersla vart einstemmig vedteken

Helsing frå Kjersti Hjelmeland, Vestland Bonedlag

Ho kjem som eit friskt pust, er nestleiar i Vestland og bur på gard i Omvikedalen. Der har dei no kyr med lausdrift, sau og hest. Med barn og familie er dagane travle. Ho gratulerer oss med kvinnedagen, snakkar varmt om norsk landbruk og om samarbeid mellom organisasjonane. Det er viktig å uttale seg positivt om landbruket vårt i pressa. Så var det norsk mat: Et sesong-et norsk-et opp.

Sak 13 Resolusjon -Mat og vatn treng me alle

Etter ei oversikt over landbruket i Noreg kjem denne utsegna frå Norges Bygdekvinneklag: NBK meiner at kunnskap om mat med høgt næringsinnhald, lang lagringstid og metodar for konservering og korleis laga mat når straumen er borte, må inn i beredskapsplanen. Me vil gjerne bidra til dette viktige arbeidet.

Den andre delen gjeld krav om auka kompetanse for lærarar og fleire undervisningstimar i faget Mat og helse. Så ynskjer NBK også gratis skulemat til elevane med slagordet -Utan næring, inga læring!

Kommentarar:

Benthe Bondhus syntes resolusjonen var for lang og føreslo forenkling av nokre setningar og bortfall av prosenttala. Rett siste setning til: - Alle treng mat og vatn.

Ellen Sekse syntes frukt og grønt kunne vore spesifisert under planteproduksjon til mat.

Anna Torhild Blikkberg: -Resolusjonen er for lang og treng meir fynd.

Resolusjonskomiten kom med forslag til ny ordlyd: Denne vart vedteken einstemmig.

Helsingar Anna

Torhild Førsund Blikberg, æresmedlem i NBK fekk blom. -Eg har med helsing frå æresmedlem Åse Willgoths . Me er gamle i lag i tralten, har opplevd mykje i lokallag og distriktslag og har sett ei rivande utvikling i samfunnet. Mykje er positivt, mykje har vorte lettare, men ein skal ikkje gløyme alt som har vore før. Det var ei tid det òg. Kjekt at yngre kjem til. Ta utfordringa til å vera med!

Alle i vertslaga fekk ei rose. Styret fekk også roser.

Helga Fossheim og Maries Custers fekk ei gåve for arbeidet i distriktsyret.

Alle inviterte gjestetalarar fekk ei flaske eplemost i frå Opedal gard.

Presentasjon av vertslaga for distriktsårsmøte 2026.

Øystese Bygdekvinnelag ved Nisha Neckles Rosseland og Siri Samland Vik, Vikøy

Bygdekvinnelag ved Silje Ensby og Tone G, Solvang, ynskte velkomen til neste årsmøte i 2026 i Øystese.

Presentasjon av Streif på Osterøy 5. april. Gerd Karin Njåstad ynskte alle velkommen.

Årsmøtet avslutta kl. 17.30

Gunvor Stana Seljestad
Gunvor Seljestad Stana
Skrivar

Anne Eitrheim
Anne Eitrheim
Årsmøtedeltakar

Liv kolskår
Leiar

Liv Kolskår

Ellen Nydal Sekse

Ellen Nydal Sekse

Skrivar

Solveig Stana Måge
Solveig Stana Måge
Årsmøtedeltakar